



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje




Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld
Nr. 4-2008- Årgang 22*

KYRKJELYDEN



Fjellkyrkja

I skrivande stund er det full aktivitet med byginga av Fjellkyrkja, og ho skal vere ferdig frå entreprenøren si side før jol. Noko meir må gjerast før ho er heilt ferdig, m.a. må veggjar bli beisa, vedomn må kome på plass og kjøken må innreiast. Ein del av dette må gjerast på dugnad i det nye året. Og så må det bli laga liturgisk utstyr som altar m.m. Vi tek sikte på vigsling av Fjellkyrkja søndag 21. juni. Biskopen har sett av den dagen. Elles er siste nytt at det er kjøpt inn ei stabbursklokke som har stått på Røros. No er ho i Heidal i Sel kommune. Er det nokon som skal den vegen og kan ta klokka med hit? I så fall, ta kontakt med Gunstein Seltveit (35 07 77 36) eller kyrkjekontoret (35 07 71 88).



Redaktør:
Øyvind A. Jørgensen

Med god hjelp frå:
Jarle Bryne

Formgjeving:
Ove Kjell Huvestad.

Gåver til "Kyrkjelyden"
kan betalast inn på
bankgirokonto
2685 07 06947

Kyrkjekontoret i Tokke
Tlf 350 77 188
Fax 350 77 052

E-post:
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
prosten@tokke.kommune.no
kyrkjeverja@tokke.kommune.no
Postboks 94
3886 DALEN

Kontoret er ope:
Måndag, tysdag, onsdag, torsdag
og fredag - kl. 0900-14.00.

Prost Jørgensen, Øyvind A.	- mobilt.	995 16 348
Prestevikar Bryne, Jarle	- mobilt.	911 38 976
Prostidiakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

Jula er meir!

”Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss – full av nåde og sanning” (Joh. 1,14).

Jula er ei djupare hending enn vi kan fange inn på nokre få liner. Jula er meir! Men lat oss prøve å gje nokre strekar til eit bilete – passe stort for eit kyrkjelydsblad.

Jula seier oss kven, kor og kvifor vi er til. Ja, nett det: kven, kor og kvifor.

Kven er vi så? – Vi er menneske skapte i Guds bilete. Utan skilnad og sortering er vi alle skapte i Guds bilete. Det vil mellom anna seie at vi er skapte til å leve ope og i kontakt med Gud, vår Skapar. Tenke berre på at vi kan be i tru og tillit: ”Vår Far i himmelen!”

Men problemet er at vi – av vår eigen natur – ikkje møter Gud med tiltru. Snarare med skepsis og avstand. Å møte Guds tiltru med mistru er kan hende den største synda eit menneske kan gjere. Difor vart Jesus Kristus menneske for å gjere det heilt klårt kven vi er: menneske som Gud ikkje vil miste, men knyte til seg i tillit.

Kor er vi? – Vi er på ei jord som er både vakker og vanskeleg. Kor vi kan oppleve det mest praktfulle og samstundes kjenne på djup sorg og såre sagn. ”Ordet vart menneske”. Desse orda seier meg ikkje at alt på jorda vil gå greitt og utan smerte, men at eg har ein ven som går med, undervegs.

Jesus, han som vart menneske, kjenner livet på jorda - både gleda og smerta, av di han både har vore høgast oppe og djupast nede. I Jesus har vi ein ven som kjenner så vel alt denne jorda kan møte oss med.


Kvifor er vi her? – For å leve livet vårt under ansvar på denne jorda som vi er tiltrudd. Med hjartet vendt mot Gud og med blikket og hendene retta mot dei vi møter i kvardagen.

Når Gud enno ein gong gjev oss jula, årets store kyrkjefest, er den inste grunnen den at han vil rekkje oss Nåden og Sanninga – den nåden og tilgjevinga Jesus gjev den som kjem med livet sitt til han.

Vi tenkjer lett at nåden og sanninga står i ein motsetnad til kvarandre – som om nåde likesom skulle vere å feie alt som er fusk og fanteri under teppet! Nei, nåden vert ei kraft i livet fyrst når vi ser sanninga – om oss sjølve fyrst og dinest om den sanninga Jesus er og kjem med til oss.

Velsigna advent og julefest - i ettertanken om kven og kor vi er. Og i ettertanken om kvifor vi har fått nokre år i gåve på denne kloden.

Olav Skjevesland, biskop



”I botn og grunn er det Gud som er hovudpersonen”

Denne gongen har vi teke turen til Anne Felland på Omsorgsenteret. ”Velkomen inn,” seier ho og smiler. Ho har sagt ja til eit intervju i Kyrkjelyden, men er nok litt spent på kva ho har gjeve seg ut på. Men praten er snart i gang, og mykje har Anne å fortelje.

No fyller ho snart 95, for ho vart fødd den 10. desember 1913. Barndomsheimen hennar ligg i Brekkom i Ringebu kommune, 800 m opp frå Fåvang på austsida av Gudbrandsdalen. Her er sol heile året. Bakanfor garden er det bratte jorder og skog. Inne på fjellet låg setra der



Anne var budeie i elleve år i ungdomen. Det tok to og ein halv time å gå dit, men det var veg, så ein kunne sykle også, og dei kunne levere mjølk til ysteriet.

Anne arbeidde heime på garden i mange år. ”Dei eldre syskena mine reiste ut i tur og orden, og sidan eg var yngst, vart eg verande heime for å hjelpe bror min og mor og far på garden. Mor hadde astma, så ho kunne ikkje arbeide til ho vart svett, så det fall mykje på meg. Eg lærte å arbeide, ja, og det var bra.”

Anne hadde også arbeid borte, fyrst i Enebakk, så i Oslo. Men mora døydde då, så Anne måtte vere heime enda nokre år. Så var det ein professor som hadde gard i Brekkom. Han ville ha landsjenter når han søkte etter hushjelp – han visste vel at dei var arbeidsomme og pålitelege – og slik fekk Anne post i Oslo. Når dei hadde selskap, hadde dei bestandig kokke. ”Eg kunne ikkje koke til så mange, så eg var stuggujente. Ein kveld sat nokre av oss og hadde pause på kjøkenet. Kokka var enkje. ”Det er ikkje godt å vere aleine,” sa ho. ”No skal vi setje inn annonse og så kan vi få nokon å skrive med.” ”Nei, det tør eg ikkje, sa eg, men ho gjorde det for meg likevel. Og det pussige var at eg fekk svar, men ingen av dei andre.”

Det var ein telemarking som svara, Torjus Felland frå Mo. Fyrst brevveksla dei, og så kom han på besøk til Oslo. Slik, kort fortalt, gjekk det til at vegen gjekk hit til Vest-Telemark for Anne. ”Eg vart glad i han, og eg lika Felland frå fyrste gong eg var der, og vi hadde det godt saman.” No er det lenge sidan ho hadde Torjus. Han døydde i 1976, berre 71 år gamal.

På Felland fekk Anne bruk for alt ho hadde lært på garden heime. Arbeid var det heile dagane, ute og inne, og dyra vart både blanke og feite.

Sidan det er jol snart, vil vi gjerne høyre litt om joletradisjonane frå Anne sin barndom. ”Det var storreingjering i alle rom, og så hang vi opp det beste vi hadde. På jolekvelden ville vi gjerne vere tidleg ferdige i fjoset. Far gav havreband i jolegåve til kyrne. Inne i stoga las mor joleevangeliet for oss. Jolesongane song vi, og far var flink til å syngje. Maten var ribbe og moltekrem eller riskrem. Det var ikkje så mykje gåver vi fekk. Tjue- og trettiåra var ei hard tid, veit du. Vi fekk alltid nyttige ting, ein ny kjole eller ein strikka genser eller jakke.”

På joledagen gjekk ferda den lange vegen til Ringebu kyrkje. ”Mor kunne ikkje vere med for helsa. Det var for kaldt. Men den eldste av gutane som var heime, kørde hest og sluffe. Det var vel omkring fem hestar frå grenda vår som fór, tenkjer eg. Og kyrkja var stappfull. Elles var det joletreffestar for ungane, og joledans, men der gjekk ein ikkje før ein var fullvaksen.”

Litt annleis var skikkane i Mo. ”Eg hugsar den fyrste joli. Her var det tradisjon med kling og lutefisk, men eg bad om å få ha det eg var van med frå før. Eg kunne ikkje tenkje meg kling saman med fisk. Elles var det nok stillare her i bygda enn eg var van med. Og vi baka ikkje så mykje som i Brekkom. Der var det 12-13 slag. Og der var fleire joleselskap med grannar og skyldfolk. Vi hadde kaffi og småkaker, seinare på kvelden smørbrød og sjoklolade, og så gjekk vi rundt joletreet. Det var annleis på Felland då vi var berre vaksne, men det vart jo meir liv då Margit kom til.”

No bur Anne på Dalen. Ho feirar jolekvelden med familien i Mo, men om kvelden vil ho gjerne heim att til si eiga seng. ”Her får eg ein roleg morgon, og eg kosar meg i heimen min,” seier ho. Og om ho gler seg til jol? ”Jau, det gjer eg. Jol er triveleg, sjølv om det ikkje er som då eg var yngre.”

Anne ser tilbake på barndomen med gode minne. ”Det var trongt, men vi hadde alltid nok mat. Vi hadde ein veldig god heim. ’Ein legg ikkje hand på ungane,’ sa far. Han var veldig tålmodig med oss.”

Sidan det var lang veg frå Ringebru til Mo i femtiåra, spør vi om ho hadde mykje heimlengt til barndomsheimen. Jau, det var nok ikkje fritt. Og noko av den kjensla kan kome den dag i dag. Men ho har i alle år halde god kontakt med familien på Austlandet, og enno talar ho ofte i telefonen med slektningar. Og dialekten sin held ho på. Det er ikkje berre ”stuggujente” som røpar kvar ho kjem frå opprinneleg.

Vi får rø om dei veldige endringane som har skjedd gjennom alle dei åra Anne har levd. Ho nemner m.a. jordbruket, kor mykje lettare arbeidet er blitt, men samtidig får ein så lite att for arbeidet der no. Mykje er blitt betre i samfunnet, og Anne er takknemleg. Men mange er nok for kravstore i dag, meiner ho.

Anne Felland er klok og stødig, venleg og kjenslevar. Når ho fortel, er det med klare tankar og engasjerte kjensler. Og ikkje minst har ho eit godt humør og ein herleg latter.

Er du alltid i godt humør? ”Eg tek det kanskje litt for lettvent, men i botn og grunn er det Gud som er hovudpersonen. Hadde eg ikkje hatt han til hjelp, hadde det vore dårleg.”

Den kristne trua har ho med frå barndomen av. Det ber også heimen hennar preg av. Dei to kyrkjene ho har høyrte til gjennom livet, har ho bilete av, Ringebru og Mo. Og på kjøkenet heng eit bilete av Jesus som bankar på døra. ”Mor las alltid for oss i Bibelen og åtvara oss mot alt vondt,” minnest Anne. ”Og på skulen lærte vi Luthers forklaring, og læraren las or Bibelen kvar måndag. Det var ein god måte å byrje veka på.”

Både i Brekkom og Mo var Anne med i misjonsforening. Ho har støtta misjonsarbeidet med kollekt, og vore med på mange basarar. Men medlemene blei etterkvart for få til å drive vidare. No kan Anne gå på andaktaktane som er kvar torsdag på Helsesenteret og Omsorgssenteret. Og det er ein song frå misjonsforeninga som Anne er særleg glad i og held fast på, ”Jeg er i Herrens hender”.

Og kva tenkjer du om framtida?

”Når ein har kome opp i 90-åra, så lyt ein ta det som det kjem. Ein legg ikkje så mange planar då. Det får gå som det går, men eg er roleg og trygg. Eg trur det vil halde, det eg byggjer på. Men det er hardt å sjå alt det vonde som skjer i verda. Vi kan be, men det er ikkje lett å forstå.”

ØAJ

GODE GJERNINGAR FOR 16. GONG

Diakoniprisen har vore viktig for å få kjøt og bein på diakonien i Vest-Telemark. No lyser Diakoniatet etter laglege kandidatar for 2009-prisen.

I retningslinene for Diakoniprisen heiter det:

1. ”Diakoniprisen for Vest-Telemark,, i denne samanhengen Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid, er til påskjøning og oppmuntring til grupper, foreningar eller lag som på ein særleg måte har vist diakonal omsorg, eller vore med på å bevisstgjere og motivere andre til diakonal innsats i Vest-Telemark.

2. Prisen kan unntaksvis delast ut til einskildpersonnar. Same kandidat kan ikkje få prisen meir enn ein gong.

3. Kven som vil kan kome med framlegg til kandidatar. Styret ber om framlegg til kandidatar i annonse i kyrkjelydsblada samt i vest-Telemark Blad. Sokneråd, diakoniutval og kyrkjelge tilsette vert særskilt oppfordra til å kome med framlegg til kandidatar.

4. Val av kandidat vert gjort av styret for prostidiakonen.

5. Utdeling av prisen bør skje i samband med den årlege diakonisamlinga for Vest-Telemark, vanlegvis i januar. Styret har fullmakt til å fastsette stad, tid og form for utdeling av prisen, samt kunngjering.” (Vedteke av Styret for Prostidiakoniatet 16.02.1993.)

Framlegg med grunngjeving sendast :

Prostidiakonen i Vest-Telemark

Storvegen 60

3880 Dalen eller e-post: eilever@online.no innan 04.04.09

DIAKONISAMLING FOR VEST-TELEMARK I GRUNGE KYRKJE

Grunge kyrkje er staden for årets diakonisamling. Sondag 19.04.09 kl. 17 er alle diakoniutvala, sokneråd, tilsette og andre diakoniteressera hjartelege velkomne til Grunge. Her vert det mat og messe, utdeling av Diakoniprisen. Samlinga startar med eit årsmøte for Prostidiakoniatet kl.15.

”I botn og grunn er det Gud som er hovudpersonen”



25 og 50-års konfirmantar - Høydalsmo og Lårdal sokn



Frå venstre: Anne Dauvi Hansen, Liv Kollberg Aalandslid, Torleiv Tho, Aagot Jordstøyl, Odd Tore Hommen, Magnhild Kilen, Torstein Kvaale, Jorunn Smiseth Meland, Arne T. Aabø, Gro Ofte Synstelién

Konfirmantjubileum og konfirmantpresentasjon i Høydalsmo søndag kyrkje 26. Oktober

Nok ein gong laga soknerådet i Lårdal og Høydalsmo ein fin fest til ære for dei nye konfirmantane, til ære for dei som konfirmerte seg for 25 år sidan og til ære for dei som konfirmerte seg for 50 år sidan.

Vi fekk ei strålende gudsteneste med presentasjon av jubilarer. Dei nye konfirmantane vart det syna bilde av og dei måtte alle seie namnet sitt. Det var ein fin atmosfære. Etter gudstenesta gjekk vi ned til Høydalsmo samfunnshus. Der fekk vi servert lapskaus, kaffe og kake. Jubilarane vart intervjuet og vi fekk høyre gode historier om prester og kva som hendte i konfirmanttida for 25 år sidan og for 50 år sidan.

Vi rettar ein stor takk til sognerådet for innsatsen med å finne fram adresser, sende ut invitasjoner, matlaging og alt det praktiske rundt dagen i Høydalsmo. Det vart ein stor og fin fest for alle dei som var der.

Jarle Bryne

INKLUDERANDE FELLESSKAP

For nokre nummer sidan byrja ein gjennomgang av den nye diakoniplanen. Her er andre artikkel:

Bussen hadde gått frå meg, og eg skulle nå eit tog. Ein triveleg kar stoppa og gav meg skyss. Han køyrde fort for mi skuld. Kunne vel ha hamna i fengsel for å få meg på toget. Samtala slingra like mykje som vegen. Det viktigaste eg hadde høyrte, skjøna eg ikkje før eg med eitt minutt klaring dumpa ned i togsetet. “Diakonar kan sjå ein heilskap der andre berre ser einskilddelar. Diakonar kan sjå det heile mennesket her og nå. Det trengst i våre dagar,” hadde byråkraten sagt. Der og då kjende eg meg stolt over at diakonien hadde ei slikt omdøme hjå denne karen.

Ein såpefabrikk reklamerte før i tida med at det alltid var plass til ein til som bruka deira såpe. Mange kan ha opplevd kyrkjefellesskapet på denne måten. Du må “lukte” på rett måte før du kan bli ein del av det. Ingen ting kunne vera fjernare frå Jesus bodskap. Evangelia fortel om ein måte å møte menneske på som i seg sjølv var inkluderande. “Kva vil du at eg skal gjera for deg”, spurte han den blinde tiggaren Bartimeus. Og kvinna ved Sykar-brønnen utfordra han til å hjelpe seg med å skaffe vatn. Fyrst fekk ho ei oppgåve, så kunne dei ta til å snakke om livet. Ikkje sprang han etter henne heller. Han sat der på brønnkanten då ho kom.

Ein kan lett tenkje at diakonien er ein tenelg reidskap for å gjera menneske kristne. Men ein slik tanke vert lett avslørt. Diakonien fungerer dårleg som agn. Men dei gode gjerningane og gode fellesskap har ein verdi i seg sjølv. Kjærleiken fortel at mennesket har verdi. At det einskilde mennesket er noko.

Fellesskap er krevjande. Inkluderande fellesskap enda meir krevjande. Men det handlar om å våge nokre steg. Eg skal aldri gløyme eit diakoniutvalsmøte der temaet var kva ein kunne gjera for ungdomen i bygda. Samtala gjekk høgt og vidt om rusmisbruk og ungdom og farleg selskap. Det såg ut til at oppgåvene var for store og for mange. Det tunge mismotet senkte seg over møtet. Ei kvinne fortalte om at det hadde plage henne å sjå ein nyinnflytta gut hengje på bensinstasjonen seinkvelds. Ho hadde høyrte at han var noko av ein pøbel. Selde kanskje stoff. Ein gong våga ho seg til å seie hei. Ein annan gong spurte ho om namnet. Det vart fleire og fleire treff. Før ho visste ordet av det sat han i sofaen og åt pizzeria.

Inkluderande fellesskap kan lett bli berre snakk. Men ein kjenner det på seg når ein har kome inn i eit. Inkluderande fellesskap handlar om vegane mellom menneske. Denne infrastrukturen er viktigare enn det meste i samfunnet. Opplever ein dei gode fellesskapa, kan ein bli styrkt i si tru på både Gud og menneske. Ein sliten pilegrim kom gjennom Vest-Telemark og var teken imot med kringle og saft i Brunkeberg-kyrkja. Så datt det berre ut av henne: “Dette er som å kome til himmelen.” Folket i Brunkeberg er glade i heimlassen sin, men eg har aldri høyrte dei omtale heimbygda som himmelen. Men ei varm mottaking som gav det ein trengte der og då, sette ting på plass.

Eilev Erikstein

Stor fest i Tokke kulturhus



19. oktober var 97 konfirmantar samla. Dei kom frå Vinje, Rauland, Tokke og Fyresdal. Vi fekk matnyttig undervisning, vi bruka idrettshallen til Bordtennis og fotballturnering, det vart syning av film og alle fekk god lapskaus i kantina i matpausen.



Kl 10 om morgonen vart det registrering i kantina. Då kom konfirmantane inn ein etter ein. Vi gjekk over til kulturhuset kl 10.30. Då kom Arild Johansen - førstehjelpsinstruktør. 97 konfirmantar sat som lys i ein og ein halv time. Det var ei stor og engasjert konfirmantgruppe.

Eilev tok føre seg møte med eit annleis menneske. Engasjerande eksemplar fekk alle til å følgje med.

Vi må kunne seie at undervisninga gjekk veldig greitt. Utfordringa begynte når turneringane skulle setjast i gong. Då var det Bordtennisturnering og fotballturnering. Eg, Svein Ringhus og Andreas Jørgensen fekk bordtennisen i hamn. Vinnaren av Bordtennisturneringa vart Fyresdølen Kjetil Veum Sveinsson. Eg utfordra han i ein såkalla superfinale, det vart veldig moro å ta fram gamle kunster. Eg klarte nå så vidt å vinne den kampen.



Fotballturneringa kom godt i hamn med Eilev Erikstein og Per Sørensen som dommarar. Vinnaren av fotballturneringa vart dei heilt vest i Vest Telemark frå Edland. Det vart ei

spennande avslutning i finalen mellom Edland og Åmot som Edland vann 1 – 0, så Vinje prestegjeld tok reint bord i fotballturneringa.

Nokon få koste seg med å sjå film i Tokke kulturhus.

Samlinga vart avslutta med premieutdeling og ei god gudsteneste som vart leia av Per Sørensen og eg preika.



Denne samlinga trur eg vart til stor velsigning for alle konfirmantar, frivilljuge leiarar og oss prestar. Eg vil rette ein stor takk til alle foreldre og til alle dei som tok av si fritid til å vere med på denne samlinga. Vi hadde ikkje fått dette til utan dykk. Tusen takk.

Eilev har ein kommentar til denne dagen.

Denne samlinga vart ypparlig leia av vikarpresten i Tokke Jarle Bryne. Jarle Bryne



Utdeling av bibel i Lårdal kyrkje 9/11:

Frå venstre: Gro Bakke, Markus Foldøy Jørgensen, Jan Erik Skottveit, Øyvind Jørgensen



**Frå familiegudstenesta i Skafså kyrkje 30.november 2008 (1.søndag i advent):
Utdeling av bok til 4-åringar:**

Frå venstre: Vegard Skaalen - Roseline G. Harmattan - Anne Karin Strand Aarstad - Sandra Zidan Berge - Adriana Sofie Lie Olsen.



Utdeling av bibel til 5.klassingar i Skafså kyrkje:

Første rekke frå venstre:

Natalie Hammerhaug - Anita Østenå - Nora Rinden Hellstrand - Jørgen Hana - Guro Hana (7.kl.).

Bak frå venstre:

Eirin Døli - Marte Bekk (7.kl.) - Malene Karlsen Småbrekke - Magnus Bekk Hansen - Viktor Sogn Dale - Sander Karlsen Aalandslid.



Fra familiegudstenesta i Tokke Kulturhus 9.november 2008.

Utdeling av bok til 4-åringar:

Frå venstre:

Andrea Gulseth, Victoria Solheim, Olav Vangsnes Øvrebø, Lars Vangsnes Øvrebø, Martin Øvrekleiv.



Utdeling av Bibelen til 5.klassingar, Tokke Kulturhus 9.november 2008:

Frå venstre:

Olav Haugan Vindal - Håkon Rykkjelid - Olav Vågslid - Lars Vågslid - Gunn Malin Sørli - Margit Vis-
tad - Mariken Svendsen Andersen - Kristin Sollid Hommo.

Slutt med skulegudstenester?

Det er ein lang tradisjon med skulegudstenester i kyrkjene før jol. Ikkje alle har vore samde i det, men svært mange ser dette som noko naturleg og ynskjeleg i vår norske kultur og med vår historie.

Litt uti november kom det oss for øyra at det var gjort eit vedtak her i Tokke om at det ikkje skulle vere skulegudstenester før jol i år. Eg tok då kontakt med skule kultur- og oppvekstsjefen for å høyre nærare om dette. Eg fekk då stadfest at leiargruppa, d.v.s. rektorane og barnehagestyrarane hadde teke ei slik avgjerd. Ved Lårdal oppvekstsenter ynskjer dei skulegudsteneste i år.

Eg spurde ikkje nærare etter kva for grunngeving som låg bak dette eller kva for saksgang det har vore. Dette er då også skulen og barnehagane si sak. Kyrkja går ikkje inn i den, men er her ein samarbeidspartnar. Men eg meiner det ville vere naturleg å ha ei samtale mellom skule/barnehage og kyrkja om dette spørsmålet, ikkje for joli i år, som i alle høve vert for seint, men om kva som skal gjelde framover: Skal det ikkje vere skulegudstenester meir? Og på kva for føresetnader er det som skal gjelde for evt. skulegudstenester? Kva meiner foreldra?

Dersom vi frå kyrkja tek eit skriftleg initiativ til dette, er kultur- og oppvekstsjefen open for å ta dette opp til drøfting. Det må då helst skje så tidleg som i mars med tanke på planane for hausten. Det vil då vere aktuelt med eit brev i februar månad.

Ein viktig grunn til samtale er at det generelt synest å vere mange som går i den trua at det ikkje er lov å halde skulegudstenester lenger. Men slik er det ikkje. Det er slått fast i brev av 17.10.2007 frå Kunnskapsdep. som svar på spørsmål frå Tromsø kommune. Departementet sin konklusjon er: ”Departementet deler ikke synet til Kommuneadvokaten i Tromsø om at skolene ikke kan delta i skolegudstjenester. Enkeltstående skolegudstjenester som en del av skolens generelle virksomhet kan gjennomføres under forutsetning av at det skjer i samarbeid og forståelse med hjemmene, at hjemme har rimelig tid til å gi melding om eventuelt fritak der de i samsvar med § 2-3a ikke gir informasjon om egen tro eller overbevisning og at det er godt lagt til rette for ikke-diskriminerende fritak eller likeverdig alternativ opplæring.”

Eit brev frå Utdanningsdirektoratet til Fylkesmennene 27.11.2007 er eit samandrag av brevet frå KD.

ØAJ



SLEKTERS GANG

DØYPTE

Mo

Guro Jensen Mostøyl



Skafså

Mikkel Utistog

Linea Bekk

Anna Lunde

Lårdal

Sarah-Angeline Sjøblom Tveito

Høydalsmo

Henny Sandrød Tellefsen

VIGDE

Skafså

Hildegunn Håland og

Tor Eikland Lunde



DØDE

Skafså

Borghild Bergland

Bjørn Ivar Falck



Mo

Kåre Nystog

Eidsborg

Torbjörg Elna Solberg

(gravlagd Vrådal kyrkjegard)

Høydalsmo

Jon Sigbjørn Ofte

Tjøstolv O. Lofthus

Lårdal

Eivind Gunerius Neverdalen

KYRKJELYDEN 4/2008

GUDSTENESTER I TOKKE DESEMBER 2008 - MARS 2009

Sundag 21. desember – 4.s.i Advent

Ikkje gudsteneste i Tokke

Onsdag 24. desember – Jolaftan

Tokke helsesenter kl. 11

Øyvind Jørgensen

Høydalsmo kyrkje kl. 14

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 16

Øyvind Jørgensen

Lårdal kyrkje kl. 16

Jarle Bryne

Torsdag 25. desember – Joledag

Mo kyrkje kl. 12

Jarle Bryne

Fredag 26. desember – 2.joledag

Skafså kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Onsdag 31. desember – Nyttårsaftan

Skafså kyrkje kl. 21

Øyvind Jørgensen

Sundag 4. januar – Kristi openberringsdag

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 18

Jarle Bryne

Sundag 11. januar – 1.s.e. Kr.op.dag

Mo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Sundag 18. januar – 2.s.e. Kr.op.dag

Høydalsmo kyrkje kl. 12

Båe prestane

Konfirmantane i Tokke

INFORMASJON

Returadresse:
KYRKJELYDEN
Postboks 94
3886 DALEN

Sundag 25. januar – 3.s.e. Kr.op.dag

Skafså kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 1. februar – Vingårdssundagen

Lårdal kyrkje kl. 11

Familiegudsteneste

Jarle Bryne

Tokke Kulturhus kl. 17

Familiegudsteneste

Øyvind Jørgensen

Sundag 8. februar – Såmannssundagen

Høydalsmo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Mo kyrkje kl. 18

Jarle Bryne

Sundag 15. februar – Kristi forklåringsdag

Fjellkyrkja kl. 11

Øyvind Jørgensen

Sundag 22. februar – Fastelavnssundag

Skafså kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 1. mars – 1.s. i faste

Lårdal kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

Sundag 8. mars – 2.s. i faste

Tokke Kulturhus kl. 11

Geir Valle

Sundag 15. mars – 3.s. i faste

Mo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

Høydalsmo kyrkje kl. 17

Familiens Misjonsdag

Jarle Bryne

Sundag 22. mars – Maria Bodskapsdag

Skafså kyrkje kl. 11

Familiens Misjonsdag

Jarle Bryne

Sundag 29. mars – 5.s. i faste

Mo kyrkje kl. 11

Jarle Bryne

